



Mottaker
GEILOBYGG AS
Pb.188
3581 GEILO
Norge

Deres ref.

Vår ref.
20/05559-8

Dato
24.02.2021

Delegert sak
Utvalg for plan og utvikling

69/27 og 68/43 - Dispensasjon frå utnyttingsgrad og takvinkel. Igangsettingsløyve for felles garasje. Geilo

Byggeplass: Gullsteinvegen 227 og 231

Tiltakshaver Geilobygg AS
og søker:

Adresse: Pb. 188/ 3581 GEILO

Tiltakstype / 182 Garasje, uthus, anneks til fritidsbustad/
Tiltaksart: Nytt bygg – Fritidsformål over 50 m²

Søknad motteke: 11.2.2021/ 23.2.2021			
Grad av utnytting	Matrikelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
150 m ² BRA pr.tomt Begge eigedomane er bygd på med hytte på 114 m ² BRA	49 m ²	53 m ² + biloppstillingsplass 2x18m ² (Total utnytting av kvar tomt 159 m ² BRA)	65 m ² + biloppstillingsplass 2x18m ²

VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå krav om takvinkel mellom 22 og 32 grader i pkt. 2.1.2 i kommunedelplan for Geilo, for oppføring av felles garasje for eigedomane 69/27 og 68/43 med flatt tak.

Grunngjevinga er at garasjen er bygd inn i terrenget i bakkant og framstår som underjordisk, der taket kan nyttast til utomhus opphaldsareal. Krav om takvinkel er meint for frittstående tradisjonelle bygg, og dispensasjon for ei utføring slik det er søkt om vil ikkje vesentleg sette til side føremålet med planføresegna.

Ein dispensasjon fører ikkje til negative konsekvenser for samfunnsinteressene, og dei personlege fordelane er funne å vera fullnøyande til at vilkåra for dispensasjon er til stades.

2. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå utnyttingsgraden på 150 m² BRA gjeve i pkt. 2.1.2 i føresegn til kommunedelplan for Geilo, for oppføring av felles garasje for eigedomane 69/27 og 68/43 slik at samla BRA for kvar av eigedomane blir 159 m².

Grunngjevinga er at det var planen si intensjon at utvendige biloppstillingplass(ar) skulle koma i tillegg til bruksarealet til bygning(ane) på ein eigedom. Det er gjeve fleire liknande dispensasjonar innanfor planområdet, og denne saka skil seg ikkje ut frå desse. Fråværet av ulemper for samfunnsinteressene er vurdert å vera fullnøyande til at vilkåra for dispensasjon er til stades.

3. Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir søknaden om igangsettingsløyve for oppføring av felles garasje for eigedomane 69/27 og 68/43 godkjent på fylgjande vilkår:
 - Dersom det under anleggsarbeidet eller annen verksemd dukkar opp automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stogkast og kulturavdelinga i fylkeskommunen varslast. Jf. kulturminneloven § 8.2.
 - Løyvet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innen 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
 - Rivings- og bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
 - Før tiltaket blit tatt i bruk må det sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Jf. pbl. § 21-10.

Erklæring av ansvarsrettar:
Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innan fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikellova § 25, 1. lekk.

Med helsing

Trond B. Augunset
leiar plan- og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Sjølv om det er høve til å klaga, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsatt iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetting kan ikkje påklagast